



Fløysand Va As  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/189 - 17/11648

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
09.06.2017

## Godkjenning- GBNR 25/74 - Løyve til plassering av vass- og avlaupsleidning, samt tilkopling - Sagstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 162/2017**

**Tiltakshavar:** Sigurd Morken  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til plassering av vass-leidning over gbnr. 19/34, 19/2 fram til 25/74 i Meland kommune.

Gbnr. 25/74 er matrikelregistrert med eit areal på 5339,2 m<sup>2</sup>, og Sigurd Morken står registrert som heimelshavar. Eigedomen er bebygd med ein einebustad og garasje.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 26.5.2017, og tidlegare motteke erklæringar om rettighet i fast eigedom journalført 30.1 og 2.2.2017.

Det vert vidare vist til søknad om tilknytning til offentlig leidningsnett journalført motteke 23.1.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Dei av naboane som vert berørte av tiltaket har signert erklæring om rettighet i fast eigedom og/eller avtale i samband med søknaden, og er såleis kjent med tiltaket.

Kommunen vurderer det slik at øvrige naboar i lita grad vert berørte i dette tilfellet. Vi krev difor ikkje ytterlegare nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vass- og avlaupsleidningar er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningane er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet.<sup>1</sup> Vi føreset i den samanheng at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til brannsikkerhet, lys og luft ikkje får betydning.

#### Privat rett til framføring og tilkopling av vass- og avlaupsleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «*[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.*» Det same gjeld for plassering av avlaupsleidning, samt tilkopling til felles leidningsnett, etter pbl § 27-2.

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vass- og avlaupsleidning over gbnr. 19/2 og 19/34 ved avtaler datert 23.1 og 2.2.2017. Avtalen mellom gbnr 25/74 og 19/2 gjev i tillegg gbnr 25/74 løyve til å koble seg på privat stikkledning på gbnr 19/2. Tiltaket er vist på situasjonskart datert 23.1.2017. Administrasjonen føreset at avtalane vert tinglyst.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at gbnr. 25/74 har sikra rett til framføring av vassledning, samt tilkopling til felles leidningsnett, i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Tilkopling skal skje som vist på situasjonsplan innsendt av Fløysand VA AS, datert 23.1.2017.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 23.1.2017 og 26.5.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 løyve til plassering/graving av vass- og avlaupsleidning som omsøkt på gbnr 25/74. Plasseringa skal vera som vist på vedlagte situasjonsplan datert 23.1.2017 og terrenget skal tilbakeførast og såast i.

---

<sup>1</sup> Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.6.2015, referanse: 15/2054-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

*Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:*

*-Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*

*-Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*

*-Tilknytning skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.*

*-Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.*

*-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tilknytning til offentleg ledningsnett - vatn GBNR 25/74

Søknad om løyve til tiltak GBNR 25/74

Kart

